



Lindås kommune v/ Einingsleiar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2405 - 17/11744

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

19.04.2017

## Skriv til einingsleiar utifrå møte i Samarbeidsutvalet 04.04.17 - Sak 19 / 2016-17 - elevtilgang og ressursar

### **Tema: Sikring av ressursar og elevtilgang.**

I møte i Samarbeidsutvalet / skulemiljøutvalet på Ostereidet ungdomsskule 04.04.17 vart det i sak 19/2016-17 drøfta kva som kan gjerast for å avbøte synkande elevtal og tap av vel kvalifiserte medarbeidarar.

### **Bakgrunn**

SU/SMU skal haldast underretta om saker som er viktige for skulen si drift. Tilgang på ressursar og elevar er eit slikt saksfelt. Skulen sine ressursar har gått nedover frå om lag 16 årsverk 2012 til i underkant av 11 årsverk 2017/18. Nedgang i elevtal og klassetal samt ein ny måte å tildele ressursar på forklarar noko av reduksjon av ressursar. Trenden til å nytte meir tilpassa opplæring er ei anna forklaring.

### **Konsekvensar**

Samansetnaden av elevgruppa verkar sterkt inn på behov for ressursar for å gi elevane eit forsvarleg opplæringstilbod sjølv om opplæringa vert tilpassa. Nokon må gjere den tilpassinga. SU/SMU legg til grunn at dette er kjend fordi diagnostisering og sakkunnige utgreiingar har vore skrivne i fleire år.

SU/SMU meiner det er viktig for Ostereidet ungdomsskule på både kort og lang sikt å få ei stabil løysing for utfordringa med elevtilgang frå Leiknes skule. Ein enklare og meir direkte skuleskyss til Ostereidet og slutt på fritt skuleval for elevar på Leiknes.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Fritt skuleval underminerer ungdomsskolen på Ostereidet sin eksistens. SU / SMU ber såleis om at elevar som har Ostereidet som nærskule, må gå til dit.

På lang sikt kan ein løyse floken ved å flytte Ostereidet ungdomsskule. SU / SMU ser føre seg at ein relokalisering av Ostereidet vil kunne sikre stabil skuledrift på Ostereidet med elevane frå Leiknes.

### **Konklusjonar**

SU / SMU ber den kommunale skuleleiinga avhjelpe den ressurskortet ein kan sjå alt no og som vil bli dokumentert gjennom PPT sine sakkunnige vurderingar.

SU / SMU ber om at Skuleskyss Leiknes -Ostereidet vert teke inn i den neste skuleskyssplanen.

SU/SMU ber om at det vert greidd ut om det er behov for eller ynskje om relokalisering av Ostereidet ungdomsskule og viss ikkje korleis ein ser føre seg at drifta ved Ostereidet som ein toparallell ungdomsskule vert oppretthalden.

Ostereidet, 19.04.17

Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet ved Ostereidet ungdomsskule

Marius Hellan Hindenes, Leiar

Arne Johannes Riisnes, sekretær.

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Lindås kommune v/ Einingsleiar